# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 2 MARS 2000 33.ÅRG.



**Frå ordinasjonen av Leidulf Øy i Arna kyrkje 30. januar.**



# Kyrkja er åpen for alle

AV HOVUDPREST ØYVIND ØY

**«Av nåde er de frelste ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk. Det er Guds gåve». (Efesarbrevet 2,8)**

Vi har laga så mange skillelinjer mellom folk opp gjennom tidene. Arbeid i bedehus og kyrkje har vore viktig for Guds rike i blant oss. Men vi ser og at gjennom dette arbeidet har vi skapt skillelinjer i våre kyrkjelydar som gjer at mange kjenner seg utanfor eit kristent fellesskap.

Vi kan nemne begrepet «personleg kristen». Vi høyrer stadig folk som seier at dei trur på Bibelens ord om Gud og Jesus, men dei seier at dei er ikkje personleg kristne. Grunnane kan vere mange. Men det er beklageleg dersom vi har laga grenser som gjer at folk ikkje vågar å rekne seg som kristne.

Gud stiller ingen krav til den som vil vere kristen. Kristendom er ei gåve frå Gud. Han opnar himmelriket ved å tilgi alle våre synder. Gud avgrensar seg ikkje til heilage hus og handlingar. Gud er like nær oss i hektiske handlegater som i kyrkja.

Vi er på veg mot fastetid og påske.

Kjernen i vår kristne tru finn vi i møte med han som døydde for alle våre synder. Ved sin død opnar Jesus Himmelriket for alle menneske. Ingen skal behøve å stå utanfor Guds rike.

Gud reiste eit kors på jorda der Jesus døydde. Slik ville han at alle skulle bli inkluderte i Guds rike. I sin kjærleik har Gud plass for alle. Han møter oss med tilgjeving og gir frimod til å tru at vi høyrer til i hans rike på jord.

Bibelen brukar ordet nåde for å beskrive frelse som ei gåve frå Gud. Nåde betyr gratis. Vi tar imot og takkar.

Du kan sjå bort frå alle grenser som du opplever det i Arna når det gjeld kristen tru og vite at kyrkja er open for alle. Det har Jesus bestemt!

*For vår skyld vart du såret*
*har verdens synder båret,*
*gi oss din fred, o Herre Jesus.*
*(Frå ein middeldersalme)*





# Bibel-aksjon under Kulturdagene i Arna



AV AUDUN STØLÅS

*I hele år feirer kirken at det er 2000 år siden Jesus ble født i Betlehem. De ulike menigheter i Arna vil blant annet markere dette jubiléet under Kulturdagene i Arna. Det skjer lørdag 1. april ved et arrangement på Øyrane Torg klokken 12.00 og ved en felleskirkelig lovsangsgudstjeneste i Arna kirke klokken 19.00. Bibelen vil stå sentralt på begge disse markeringene.*

På Øyrane Torg vil ungdommer framføre sang og drama bygget på bibeltekster. Aksjonen «Mitt bibelord» vil også bli gjennomført. Den går kort fortalt ut på at du og jeg kan skrive det bibelordet som betyr mest for oss i en bok. For dette betaler vi kroner 50,-, som går til den spesielle bibelaksjonen i år 2000 som Det Norske Bibelselskap gjennomfører i Midt-Østen. De 50 kronene dekker en hel pakke som skal deles ut til jøder og arabere i Midt-Østen. Pakken består av et nytestamente på hebraisk eller arabisk, en videofilm om Jesu liv bygget på Lukas-evangeliet, et illustrert hefte med utvalgte tekster om fred og forsoning hentet fra Bibelen og en bok om Jesu fødsel i Betlehem.
Du kan også delta på denne bibelaksjonen ved å sende inn ditt kjæreste bibelord sammen med 50 kroner til kirkekontoret i Arna før selve aksjonsdagen på Øyrane Torg lørdag 1. april.
Pastor Peter Kimilike fra Tanzania blir hovedtaler på lovsangsgudstjenesten i Arna kirke om kvelden. Han deltar også under arrangementet på Øyrane Torg. Pastor Peter gjennomfører nå videregående opplæring på Misjonshøyskolen i Stavanger. Sammen med tre andre pastorer fra Afrika besøkte han Arna i januar i år og deltok da både på skolebesøk, på misjonsforeningenes felles misjonsfest i Indre Arna bedehus og på gudstjenesten i Ytre Arna kirke.
Peter Kimilike er opptatt av hvordan vi mennesker leser og oppfatter Bibelen. På Misjonshøyskolen arbeider han med en oppgave om hvordan folk på den fattige sørlige del av jordkloden og folk i den rike nordlige del leser og forstår ting i Bibelen på forskjellige måter. Det dreier seg for eksempel om bibelord om rikdom og fattigdom. Peter Kimilike er kommet til at vi som lever i det rike nord leser Bibelens ord om rikdom og fattigdom på en måte som er behagelig for oss.
Peter Kimilike er pastor i Den evangelisk-lutherske kirke i Tanzania. Det er en kirke som opplever en enorm kirkevekst. Det vil han fortelle mer om når han kommer til Arna lørdag 1. april.



*Pastor Peter Kimilike blir hovedtaler på den felleskirkelige lovsangsgudstjenesten i Arna kirke lørdag 1. april klokken 19.00. Han blir også med på et arrangement på Øyrane Torg klokken 12.00 samme dag.*



Av Trygve Johansen

2

# Åndelig lengsel i vår tid

Lengselen etter Gud er beskrevet slik i Salme 42, 2-3: «Liksom hjorten stunder etter bekker med rennende vann, slik stunder også min sjel etter deg, min Gud. Min sjel tørster etter Gud, etter den levende Gud. Når kan jeg få komme og tre fram for hans åsyn?»

Mennesket har behov for å være nær den kjærlige Gud. Han har gitt oss livet, og derfor er vi alle elsket av ham. I hans nærhet faller hjertet vårt til ro. I Bibelen er hjertet det stedet et menneske har sine grunnfølelser. I hjertet kan vi føle trygghet når vi har lært å kjenne Gud Fader. I hjertet kan vi finne mening med tilværelsen når vi har kommet i kontakt med Jesus Kristus. Og i hjertet kan et menneske føle samhørighet når det har møtt Den Hellige Ånd.



I vår tid mangler mange mennesker disse grunnfølelsene i deres hjerter. De opplever angst i stedet for trygghet. De mangler mening med livet. Og de kjenner på ensomhet i stedet for kjærlighet. Dikterpresten Eyvind Skeie har skrevet følgende vers om gudslengselen:

***Jeg tenker meg Gud som et hus,***
***og det er kveld.***
***Jeg har vært langt borte,***
***og vet at jeg må hjem***
***før det blir for sent.***
***Jeg tenker meg Gud som et hus***
***med mange lyse rom.***

***Jeg tenker meg Gud som et hus,***
***når det er kveld.***
***Et lite barn løper,***
***mot husets åpne dør,***
***for det er sent.***
***Jeg tenker meg Gud som en mor.***
***Hun venter på sitt barn.***

Gud er til, og han er Gud for deg. Du slipper å gjøre deg fortjent til Guds nåde, for den er helt gratis. Så enkelt er det å komme tilbake til din Skaper. Han har lagt en gudslengsel ned i ditt hjerte, og derfor lengter du tilbake til ham. Når du løper mot husets åpne dør, så møter du en som lenge har ventet på deg. Det er Gud. Den åndelige lengsel som du kjenner i ditt hjerte, er en lengsel etter Guds nærhet.



Våre Unge

# Ungdomskampanjen

Fredag 17. mars går startskuddet for ungdomskampanjen. Det blir til sammen fem kvelder proppfulle av spennende program. Ken Henderson, en vektløfter, kommer fra USA til Arna sammen med kona Solveig (født Leithaug) for å vise litt av sin styrke. Fra Stavanger kommer «rappebandet MD project». Motorsykkelklubben «Holy Riders», sjonglører, dansere, Brann-supportere og fotballspillere er noe av det som står på programmet i tillegg til lokale krefter. Felles for alle er at vi tror på Jesus og lever med han i hverdagen.
Vi kommer til å bruke litt andre former enn normalt i ungdomsarbeid. Det er for å nå ut til ungdommen med et sentralt Kristus-vitnesbyrd.
Arr. Arna kyrkjelyd og Ytre Arna kyrkjelyd. Kulturhuset i Ytre Arna er med som delarangør den første kvelden.

**PROGRAM**

**Fredag 17. mars, Ytre Arna Kulturhus**
**kl. 20.00:** line dance
dansegruppe
MD project (rappeband)

**Lørdag 18. mars, Kyrkjelydshuset**
**kl. 19.00:** fotballspillere
Brann-supportere
dansegruppe
MD project

**Onsdag 22. mars, Ytre Arna Kulturhus**
**kl. 19.00:** melding hjem
sjonglører
Roald Kvam

**Torsdag 23. mars, Kyrkjelydshuset**
**kl. 19.00:** Holy Riders
dansegruppe

**Fredag 24. mars, Kyrkjelydshuset**
**kl. 19.00:** Solveig og Ken Henderson
Kongshaug band

**Salg av mat og snacks.**

# Fritidstilbud i Arna

- **Tirsdag**
**dans og drama kl. 19.00**
(en uke dans, neste drama)
Sted: nede i kyrkjelydshuset

- **Onsdag**
**Avertimento = kor kl. 19.00**
Sted: Betania på Lone

- **Torsdag**
**Keryx = tensing kl. 18.30**
Sted: Kyrkjelydshuset

- **Fredag**
**Y-ungdom kl. 19.30**
**Fredagskafé kl. 20.00**
Første lørdag i mnd.
Sted: Betania på Lone

- **Lørdag**
**Krik kl. 12.00**
Ballspill og div. idrett for bare moro skyld.
Sted: Gymnastikksal u.skolen
**Nattkafé kl. 21.00**
Kun en gang i mnd. Se etter plakater.
Sted: nede i kyrkjelydshuset

- **NB: 17, 18, 22, 24 og 25. mars!!**
Da skjer ting i Arna. Det kommer bl.a. div. spennende band. Følg med.

---

# Gjeng med kristne ungdommer til Arna!

Tirsdag 29. februar ankom de. Frem til søndag 5. mars skal de være i ungdomsmiljøet til inspirasjon og hygge. Gjengen det er snakk om, kommer fra Ungdom i Oppdrag sin Disippel skole i Skien. Lederen er arnajenten Vivian Aabildgaard.
Det er Nattkaféen som står for invitasjonen. Tanken bak det er rett og slett inspirasjon for oss kristne, reklamering for Jesus og ungdomsarbeidet som drives i menigheten. Teamet stiller seg også villig som ressurs til Arna-skoler i KRL og religionstimer. Dette blir spennende. Tar du turen innom gudstjenesten i Arna kirke på søndag, treffer du kanskje på dem.

# Besøk frå Bangladesh til Arna




*Pastor Delinson Bareh er ein av dei unge prestane i kyrkja i Sylhet, Bangladesh.*

**Misjonsteigen**

Mandag 27. mars vil Arna menighet få besøk av ein prest frå Sylhet i Bangladesh. Pastor Delinson som er prest i kyrkja i Sylhet, kjem på besøk til Norge. Han skal vera eit par månader i Norge, mesteparten av tida på Møre, der han kjem som ledd i eit utvekslingsprogram mellom kyrkjelydar Norge-Bangladesh. Men på vegen dit kjem han innom Arna. Han vil fortelja om arbeidet i kyrkja der ute, og også frå vår venskapskyrkjelyd, Pathorkhasia i Gulni, Sylhet. Han fortel om kyrkja, deira arbeidsformer og situasjon og vil også høyra om oss og vår situasjon. La oss derfor nytta denne kvelden under kulturdagane til å få eit **tverrkulturelt møte.** Me vil også få innblikk i oppstarten av arbeidet i kyrkjelyden Pathorkhasia i Gulni.

**Ottar Hope**

---

# Innsamling til Kirkens Nødhjelp

Også i år vil konfirmantene delta i innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp, som er fastsatt til tirsdag 11. april kl. 18.00-21.00. Alle vil få tildelt et område de skal gå i. To og to konfirmanter går sammen, og oppmøte for dem blir i Arna kyrkjelydshus.
I år er Sør-Afrika valgt som tema for aksjonen. Kirkens Nødhjelp er derfor særlig engasjert i prosjekter for bearbeidelse av traumer for ofrene av apartheid. Målet er å gjøre ofrene i stand til å fortsette videre uten å være fanger av smerte, hevn og bitterhet.

Mer stoff i neste nr. av Kyrkjelydsbladet. Ta vel i mot konfirmantene 11. april.

**Kateketvikaren**






# Velkommen til Kristusfest på Sørlandet




Har du ikke planlagt neste sommer ennå? Med Origo har du sjansen til å kombinere sørlandssommer, besøk hos Julius og Tobias i tårnet og fellesskap med kristne venner du ikke treffer daglig.

For til sommeren har ti av de største kristne organisasjonene og Frikirken slått seg sammen for å lage en landsomfattende Kristusfest for hele familien i Sørlandshallen i Kristiansand, vegg i vegg med Dyreparken, fra 5.-9. juli.

Her får man se at man er en del av en større kristen familie, både i Norge og internasjonalt. Det blir bibelsamlinger, stor-familiesamlinger, senkvelder og egne barnetreff som Ivar Skippervold har ansvar for. Hele programmet er ikke klart ennå, men daglig leder Øyvind Oterholt har allerede mange godbiter å by på.

Chicago Community Gospel Choir, et av verdens ledende gospelkor, og bluesgutta «Five blind boys» kommer fra USA. Gospel Singers svinger seg inn fra misjonslandet Kamerun. Norske bedehussanger har fått en egen kveld å utfolde seg på.
På talerstolen skal generalsekretæren Ramiz Atellah i det egyptiske bibelselskapet stå. Det skal også leder Lindsey Brown i den internasjonale lagsbevegelsen, og på avslutningsgudstjenesten søndag formiddag deltar norske biskoper sammen med kirkepresident Benjamin Rabenorolahy fra Madagaskar.

– Vi vil gjennom programmet markere at vi tilhører en universell kirke. Det er viktig for oss, sier Oterholt.
Arrangørene håper at fem til sju tusen deltakere skal være med på Kristusfestivalen, hvor det meste skal foregå om kvelden. Om dagen kan man ha lange, late dager i sørlandssol med besøk i Dyreparken til en ekstra gunstig pris for Origo-deltakere, eller bare legge seg på et svaberg eller rusle rundt i sørlandsbyen.

Festen i Kristiansand kan også kombineres med et godt tilbud på Danmarkstur i tiden før eller etter langhelgen. For litt over en hundrelapp pr. person kan man ta båten til Danmark, være en dag i Fårup Sommerland og reise hjem igjen.

Arrangørene har sikret seg plasser til deltakerne på campingplasser, internatskoler og hoteller. Hele arrangementet koster kr. 400,- for en voksen. Kommer man til enkeltmøter, betaler man pr. møte.

Mer informasjon får du her:
tlf. 38 12 58 50
e-post: kirsti.torvik@nms.no
adresse: NMS, Tollbodgata 48a,
4614 Kristiansand

**Det er disse organisasjonene som samarbeider om Origo:** Det Norske Misjonsselskap, Den Norske Santalmisjon, Indremisjonsforbundet,
Det norske lutherske Indremisjonsselskap, Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag, Norsk Luthersk Misjonssamband, Den Norske Israelsmisjon, Det Norske Bibelselskap, Skjærgårdsgospel og Den Evangelisk Lutherske Frikirke.
De fleste av disse har lagt ned sine egne sommerstevner for å være med på Origo.

# Høgtid og fest over ordinasjonsdagen til Leidulf Øy

«Kast ikkje bort frimotet ditt!» var helsinga biskop Ole D. Hagesæther gav den unge teologen under den feststemte og høgtidsame ordinasjonsgudstenesta i Arna kyrkje søndag 30. januar. «Du kan ha fritt mot, fordi det er Gud som har kalla deg til teneste.»
Cand.theol. Leidulf Øy vart ordinert til teneste som vernepliktig feltprest ved Porsanger Jegerbataljon. Seinare – om Gud vil leggja det slik til rette – er det meininga at Leidulf Øy skal reisa ut som misjonær for Det norske Misjonsselskap. Den nyordinerte presten heldt preika. «Toler ein kristen livets påkjenningar betre enn dei som ikkje trur?» var utgangspunktet for talen. På ein ungdommeleg og frisk måte fekk han formidla bodskapen i teksten, om Peter som gjekk på vatnet, men tok til å søkkja då han såg kor hardt vinden bles. Han skapte inntrykk av å vera ein glad og god og trygg forkynnar.



*Den nyordinerte presten Leidulf Øy saman med biskop Ole D. Hagesæther.*

Under ordinasjonsgudstenesta medverka utanom biskopen prost Kjell Nese, førsteamanuensis Ove Conrad Hanssen ved Misjonshøgskulen i Stavanger, stabsjef Terje Løvstad, hovudprest Øyvind Øy, kapellan Geir Øy, feltprest Vidar Bakke og områdeleiar i NMS Morten Pedersen.
Leidulf Øy, f. 1973, er vaksen opp i Arna, der faren, Øyvind Øy, var sokneprest frå 1979-1989. Mange personlege band knyter den unge presten til Arna. Han fekk viktige oppvekstår i Arna, og det var derfor naturleg for han å leggja ordinasjonen til denne kyrkjelyden. Broren, Geir Øy, vart og ordinert til prest i Arna kyrkje (i september 1994).
Leidulf Øy har fått si utdanning ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Han har nytta studietida godt, og har ved sidan av studiet teke på seg oppgåver både innanlands og utanlands. Han har m.a. drive med drama, og vart av mange karakterisert som ein framifrå amatørskodespelar.
Etter ordinasjonsgudstenesta inviterte soknerådet til festsamkome i kyrkjelydshuset. Bordseta vart leia av Kjell Nese, som ynskte velkomen og uttrykte glede over at ordinasjonsgudstenesta vart lagt til Arna. Gjennom helsingar som vart borne fram under festsamværet, fekk me læra Leidulf Øy betre å kjenna. Mange understreka hans evne til å tøya grenser og våga å ta på seg nye utfordringar, eigenskapar som det var god bruk for som prest, både heime og ute.

Det vart uttrykt von om at han som ein grensesprengjande ung mann fekk spela ut heile sitt rolleregister i si nye rolle som prest. Eit festleg innslag stod ei gruppe ungdomar for. Dei utgjorde ein jury som delte ut poeng for den måten han løyste dei daglege gjeremåla på. Elles fekk Leidulf mange godord med seg på vegen, og han fekk overrekt mange gåver. Av representanten for Misjonshøgskulen fekk Leidulf Øy kallsbrevet frå NMS til teneste for misjonen.
Desse hadde ordet under samværet: Kjell Nese, Ole D. Hagesæther, Terje Løvstad, Atle Vie, Ove Conrad Hanssen, Einar Elgaas, Øyvind Øy, Morten Pedersen, Judith Kvamme, Vidar Bakke, Monrad Ulveseter, Margit Hollekve.
Leidulf Øy fekk ordet til slutt. Han hadde sett fram til dagen med både spenning og forventning. Han takka for fellesskapet, og var glad for at kyrkjelyden hadde teke på seg oppgåva med å leggja til rette for ordinasjon i Arna kyrkje og for at dei hadde stelt i stand til festsamvære etterpå.

**Magne Mestad**



*Dei som tok del under ordinasjonen:*
*1. rekkje frå venstre: Geir Øy, Leidulf Øy, Ole D. Hagesøther, Øyvind Øy.*
*2. rekkje frå venstre: Vidar Bakke, Ove Conrad Hanssen.*
*Bakerste rekkje: Kjell Nese, Morten Pedersen, Terje Løvstad.*

K-FORUM ARNA

## PROGRAM FOR VÅREN 2000




**TIRSDAG 7. MARS**
**«En selvstendne – Hulda Garborg»**
Åsta Sørås kåserer.

**ONSDAG 8. MARS**
**Gudstjeneste kl. 21.00** i Korskirken i forb. m/Kvinnedagen.
Arr. Kvinneutvalget i Bispedømmet.
Gi et ord til Jorunn dersom du har tenkt å gå – så kan vi kjøre sammen.



**TIRSDAG 11. APRIL**
**Påskemøte**
Kap. Kristi Søvik.



**TIRSDAG 9. MAI**
**Bykveld.**
Påmeld. senest søndag 7. mai til Sigrun - tlf. 55 24 06 64 eller Jorunn tlf. 55 24 14 47.
Pris ca. kr. 110,- + reise.

**TIRSDAG 6. JUNI**
**Blåtur???**
Påmeld. senest søndag 4. juni.




**Sett av datoene og vær velkommen.**

# Kjære Arna kyrkjelyd!

På vegne av Leidulf og dei andre i familien vil eg rette ei hjarteleg takk til Arna kyrkjelyd for alt det fine og gode som møtte oss i samband med at Leidulf vart ordinert til prest i Arna kyrkje. Det gjorde og dagen minnerik for oss. Ei spesiell takk til Kjell Nese og Arna sokneråd. Takk til alle som gjennom arbeid og alle som ved å vera til stades bidrog til å gjere dette til ein dag vi ser tilbake på med stor glede.
Gud signe Arna kyrkjelyd!

**Venleg helsing**
**Øyvind Øy**

# Gud gir nytt liv

## Kvinnenes Internasjonale Bønnedag fredag 3. mars 2000

Arrangementskomitéen i Bergen for Kvinnenes Internasjonale Bønnedag inviterer til Kvinnenes Internasjonale Bønnedag i Betlehem, V. Muralm. 15/17 fredag 3. mars 2000. Gjennom Bønnedagen ønsker kvinner verden over å stadfeste sin tro på Jesus Kristus og dele sine håp og bekymringer, sine gleder og sorger, sine muligheter og mangler.



# *Frå Bedehusland*

## Betania, Lone

**Mars**

| | |
|---|---|
| Tor. 02. | Bønne- og vitnemøte |
| Fre. 03. | Fredagskafé kl. 20.00 |
| Søn. 05. | Møte HIM. **Aril Hetlebakke** |
| Søn. 12. | Søndagsskule. Møte NLM. **Ole Øystese:** *«Menneske, du er verdifull».* |
| Søn. 19. | Søndagsskule. Møte BUF |
| Tor. 23. | Møte NMS |
| Lør. 25. | NMS. Misjonsfest kl. 19.00 |
| Søn. 26. | Søndagsskule. Møte NMS |
| Tor. 30. | Fastegudsteneste kl. 19.00 Kjell Nese. |

**April**

| | |
|---|---|
| Søn. 02. | Heile familien syng. Barnekoret. **Reidun Skurtveit.** Kl. 16.30. |
| Tor. 06. | Bønne- og vitnemøte |
| Fre. 07. | Fredagskafé kl. 20.00 |
| Søn. 09. | Søndagsskule. Eldrefest kl. 16.00. **Harald Sundsbø.** |
| Tor. 13. | Utlodning NLM, Borge misjonsforening, kl. 19.00. **Rollaug Waaler.** |

## Arna Bedehus

**Mars**

| | |
|---|---|
| Tor. 02. | Eldretreff kl. 17.00 |
| Søn. 05. | Årsmøte Indremisjonen kl. 18.00 |
| Tor. 09. | Bønemøte |
| Søn. 12. | Møte v/K. Nese. Musikklaget |
| Tor. 16. | Nattverdmøte kl. 19.30 |
| Søn. 19. | Lovsongsmøte i kyrkja |
| Man. 20. | Basar |
| Tor. 23. | Bønemøte |
| Lør. 25. | Søstertr. DHB kl. 11.00 |
| Søn. 26. | Møte v/K. Hellem kl. 19.00 |
| Tor. 30. | Eldretreff. Kulturdagane kl. 17.00 |
| Fre. 31. | Felles bønesaml. Unneland Bedehus |

**April**

| | |
|---|---|
| Søn. 02. | Møte v/DHB. Besøk frå Nappane Evangeliesenter kl. 19.00 |
| Tor. 06. | Team frå Bibelskulen. Keryx. |
| Søn. 09. | Lovsongsmøte. Team frå Bibelskulen. Musikklaget |

# Atle Vie, ny formann i Arna sokneråd

Atle Vie er vald til ny formann i Arna Sokneråd etter Svein Inge Myhr, som har vore formann dei siste to åra.

# Kyrkjelydens årsfest i Ytre Arna torsdag 6. april kl. 18.30

Ytre Arna kyrkjelyd har sin årsfest med årsmøte og utlodning i Ytre Arna kyrkjelydshus torsdag 6. april 2000.
Denne årsfesten tek til med ein andakt i Ytre Arna kyrkje kl. 18.30, og deretter går vi bort i kyrkjelydshuset og har årsfesten vår der.
Gåver til utlodningen skal leverast på kyrkjekontoret, og vi takkar på førehand for gåvene.
Velkomne til årsfesten 6. april.

# Kulturdagane i Arna

Eldretreff i Indre Arna Bedehus
**torsdag 30. mars kl. 17.00.**
Andakt v/sokneprest Harald Sundsbø.
Kåseri v/Jens M. Hauge:
*«Arna før og no».*
Song av «Honnørkoret»
frå Åsane menighet.
Kaffikos.

**INDRE ARNA INDREMISJON**

# Bladpengar

Med dette nummeret av Kyrkjelydsbladet er det lagt ved ein giroblankett for betaling av bladpengar. Kontingenten er sett til kr. 50 for året. Me er takksame om de i tillegg til kontingenten kan gje ei gåve til bladarbeidet.

**Red.**

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
26.12.99 Sander Genius Bjørndal, Nicolas Garnes Bøe
09.01.00 Martin Iversen Haukeland, Markus Karlsen, Markus Berge Akselberg
23.01.00 Mikael Hjortland Mjelde, Sine Holm Reigstad, Mie Kreybu, Victoria Skjoldal Dagestad
13.02.00 Martine Låstad Arnesen

**Ytre Arna sokn:**
30.01.00 Samson Rolland Andersen, Christina Nordvik
06.02.00 Martin André Hundhammer, Mathias Haveland

## Døde

**Arna sokn:**
02.12.99 Sverre Mjelde, f. 1914
20.12.99 Inge Lyhammer, f. 1947
24.12.99 Ottar Faugstad, f. 1926
02.01.00 Peder Gustav Tveit, f. 1918
05.01.00 Jon Garmann Jørgensen Øen, f. 1923
07.01.00 Johannes Djønne, f. 1919
12.01.00 Nils Olaus Hjertaas, f. 1916
31.01.00 Leif Landro, f. 1923
06.01.00 Aud Dale, f. 1917
06.12.00 Helga Sofie Wæhle, f. 1913
08.01.00 Dagmar Mathilde Gallefoss, f. 1918
10.01.00 Aslaug Marie Verlo, f. 1914
17.01.00 Malmfrid Thunes, f. 1905
24.01.00 Betzy Marie Kristiansen, f. 1916
27.01.00 Magnhild Tveiten, f. 1923
08.02.00 Sigrid Olivia Kornbakk, f. 1944

**Ytre Arna sokn:**
12.01.00 Dore Høvik, f. 1909
12.01.00 Jon Hansen, f. 1926
31.01.00 Olav Rolland, f. 1911

## Ofringar

**Arna sokn:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 23.01.00 | Norsk Misjonsråd | kr. | 5.132,50 |
| 30.01.00 | Misjonsskulen Stavanger | kr. | 8.844,00 |
| 06.02.00 | Kyrkjelydsarb. | kr. | 2.138,00 |
| 13.02.00 | Santalmisjonen | kr. | 3.993,50 |
| 13.02.00 | Kirkens Nødhjelp | kr. | 2.209,00 |

**Ytre Arna sokn:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 30.01.00 | Misjonsselskapet | kr. | 2.140,00 |
| 06.02.00 | Blå Kors i Norge | kr. | 1.885,00 |
| 13.02.00 | Kyrkjelydshuset | kr. | 1.328,50 |

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.
**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.
**Kontortid:** Opningstida er noko variabel for tida. Dersom du ikkje får svar, ber vi om at du tek kontakt med Arna Kyrkjekontor.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.





## Kyrkjeskyss

**HAUKELAND/UNNELAND**
**5. mars:**
Ingrid Hope ......................tlf. 55 24 08 08
**12. mars:**
Jens Hauge ........................tlf. 55 24 01 43
**19. mars:**
Åshild Mæstad ..................tlf. 55 24 00 42
**26. mars:**
Odmund Skjoldal .............tlf. 55 24 28 76
**2. april:**
Sverre Myklebust .............tlf. 55 24 29 05
**9. april:** Ingrid Hope

**ARNATVEIT OG INDRE ARNA**
**5. mars:**
Gunnar Kaaresen .............tlf. 55 24 02 41
**12. mars:**
Jostein Monstad ...............tlf. 55 24 32 20
**19. mars:**
Arne Hååy ........................tlf. 55 24 03 26
**26. mars:**
Odd Kjos ..........................tlf. 55 24 17 82
**2. april:**
Per Eide ...........................tlf. 55 24 15 15
**9. april:** Gunnar Kaaresen

### Nytt nr. av Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet nr. 3 år 2000 kjem ut **5. april.** Stoff til dette bladet kan leverast til kyrkjekontoret **innan 21. mars.**

## Dei tilsette i kyrkjelydane

***Sokneprest Kjell Nese***
**Prestegarden, 5260 Indre Arna**
**Tlf. 55 24 02 72**

***Kap. Trygve Johansen***
**Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 75 53**

***Organist Arna***
**Christopher David Briggs**
**Vallerhaugen 7**
**5260 Indre Arna**
**Tlf. 55 24 40 55**

***Kontorfullmektig Arna***
**Ella Kaaresen**
**Hølbekken 125, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 02 41**

***Kateket Erik Rodal***
**Stuajordet 31, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 00 41**

***Kyrkjetenar Arna***
**Jarle A. Sandvik**
**Tlf. 55 24 04 00**

***Organist Ytre Arna***
**Siri Brunvoll**
**Vågsbotn, 5131 Nyborg**
**Tlf. 55 18 45 29**

***Kontorfullmektig Ytre Arna***
**Benthe Vevle Birkeland**
**Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 73 92**

***Kyrkjetenar Ytre Arna***
**Sylvi Sæle**
**Skulev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 88 93**

***Adm.leiar***
**Marit Skjeldal**
**Verkane, 5286 Haus**
**Tlf. 56 39 00 51**

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN
**Redaktør:** Magne Mestad.
**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.
**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 0805 31 04445.
Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

ARNA GRAVFERDSBYRÅ
Espeland

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

Kåre Bj. Hope
Tlf. 55 24 08 08 – Mobiltlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

SAMDALS BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet
*Kommer også hjem for samtale.*
J. Teigland – M. Hamre – E. Kvamme

as Sarepta Blomster
Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen blomsterdekoratørfaget*

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ
HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

DØGNVAKT
55 32 55 50

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**





AKTIV TRAFIKK OPPLÆRING

FØRERKORT KL. B
– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører
Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

HVORDAN HAR DU DET
*egentlig?*
Kirkens SOS 815 33 300
ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Frøydis SALONGEN
Vestlivegen 75, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40
Stedet for moderne og fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting
Fagkunnskap gir trygghet
10 % for pensjonister alle dager.

Spesialforretning i blomster
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke, konsert- og forsamlingslokaler.
Espeland Gartneri
5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale storbank i Arna!
KREDITKASSEN
Filial Arna – tlf. 55 24 55 30

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland A.S
Ur og Gullsmed
5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner, også TV 2.
Litangen Husholdningsservice, Garnes
Telefon 55 24 02 87

# *Velkomen til kyrkje*

**05.03.** *Søndag før faste – Joh. 12, 24-33*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Familiegudsteneste. Offer til Den norske Santalmisjon. Kyrkjekaffi.

**08.03. (onsdag)**
**Arna kl. 19.30.** Kjell Nese. Fastegudsteneste.

**12.03.** *1.s. i faste – Matt. 16, 21-23*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Offer til kyrkjelydshuset.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Offer til kyrkjelyds-arbeidet. Kyrkjekaffi for konfirmantforeldre.

**15.03. (onsdag)**
**Arna kl. 19.00.** Kjell Nese. Fastegudsteneste.

**19.03.** *2.s. i faste – Jakob 5,13-20*
**Arna kl. 11.00.** Hovedprest Øyvind Øy. Nattverd. Offer til Norsk Gideon.
**Trengereid kl. 11.00.** Kjell Nese. Familiegudsteneste.

**21.03. (tirsdag)**
**Ytre Arna kl. 19.00.** Trygve Johansen. Fastegudsteneste.

**26.03.** *Maria Bodskapsdag – Luk. 1, 46-55*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Familiegudsteneste. Dåp. Offer til barne- og ungdomsprosjektet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Familiegudsteneste. Offer til Barne- og ungdomskoret. Kyrkjekaffi.

**30.03. (onsdag)**
**Betania kl. 19.00.** Kjell Nese. Fastegudsteneste.

**02.04.** *4.s. i faste – Joh. 6, 24-36*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Dåp.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen og bibelskulelærar Kurt Urhaug. Nattverd. Bibelskuleelevar deltek. Offer til Bibelskulen på Bildøy.

**05.04. (onsdag)**
**Takvam kl. 19.00** Trygve Johansen. Fastegudsteneste.

**09.04.** *5.s. i faste – Joh. 11, 45-53*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Ung Messe. Nattverd. Offer til NKSS.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Ung Messe. Samtale med konfirmantane. Offer til «Kor é vi?».

**16.04.** *Palmesøndag – Joh. 12, 12-24*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Psykisk utviklingshemma tek del. Dåp. Offer til Alternativ til abort.